



DEN NORSKE KIRKE

Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø 02.05.21.

Soknemøte/Årsmøte for Kyrkjebø sokn

Møtedato: 02.05.21.

Møtetid: Etter gudstenesta og kyrkjekaffi, kl. 12.15.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Bjørnar Otterstein, Irene Aase Aarseth, Aud Kjersti Haugen, Ellinor Henjesand Austreim, Kari Henny Dale, Andreas Ester, Finn Trædal, Erene Øvrebø, Karl Magnus Gudvangen, Helga Hjetland og Gerda Otterstein.

Sturla Bell Fossen ynskte velkommen til årsmøte i Kyrkjebø sokn.

Sakliste:

Val av møteleiar:

Sturla Bell Fossen vart valt til møteleiar.

Val av skrivar:

Ellinor Henjesand Austreim vart valt til skrivar.

Val av to frå kyrkjelyden til å signere møteprotokoll:

Helga Hjetland og Bjørnar Otterstein vart valt til å signere.

ÅRSMELDING 2020

Møteleiar orienterte om Kyrkjebø sokneråd si samansetning, og soknerådet sine representantar i Høyanger kyrkjelege fellelråd.

Møteleiar orienterte om kyrkjelydshuset som i meldingsåret vart lagt ut for sal. Stiftinga Kyrkjebø kyrkjelydshus vil verte avvikla når salet er i orden, og dei nødvendige disposisjonar i samband med dette er gjorde.

Personalsituasjonen

Møteleiar orienterte om personalsituasjonen. Andreas Ester som vikarierte i den ledige sokneprest stillinga frå årsskiftet 2019/2020, vart tilsett fast i sokneprest stillinga sommaren 2020. Avtroppande sokneprest ved årsskiftet Runar Matsui-Lie, gjekk over i stilling som prostiprest i Sunnfjord, men fullførde oppdraget i høve konfirmanntane i soknet. Sunnfjord prosti fekk tilsett ny prost i 2020 – Knut Magne Nesse.

Gudstenester/kyrkjelege handlingar

Møteleiar orienterte om avvikla gudstenester/kyrkjelege handlingar for 2020. 2020 var eit år som utmerka seg generelt svært negativt på årsstatistikken i høve oppmøte til gudstenester/kyrkjelege handlingar. Dette skuldast sjølvstakt covid-19 pandemien.

Samarbeid med skule og barnehage

I høve samarbeid med skule og barnehage var det ingen aktivitet i 2020.

Økonomi

Møteleiar orienterte om økonomien til soknerådet. Pr. i dag er ikkje rekneskapen ferdig revidert, så små endringar kan enno komme. Det kom spørsmål frå kyrkjelyden om innføringa av Vipps som betalingssystem hadde påverka det økonomiske i noko retning. Svaret frå kyrkjekontoret sin representant/kyrkjeverja var at dette var det førebels ikkje gjort noko systematisk gransking på.

Barne- og ungdomsarbeid

Møteleiar orienterte om barne- og ungdomsarbeid/trusopplæringstiltak avvikla i 2020. Dette var tårnagenthelg i mars, samling for 4- og 6- åringar og utdeling av «mi kyrkjebok» på hausttakkefest, begge i avvikla i oktober. I tillegg var det avvikla myldresamling for 3-åringar i Høyanger i desember.

Medarbeidarfest

Det vart ikkje halde medarbeidarfest i 2020.

Fasteaksjon

I 2020 vart fasteaksjonen digitalt marknadsført og innsamla sum gjekk direkte til Kirkens Nødhjelp.

Dugnad

Møteleiar orienterte om dugnad som vart halde på gravplassane både på Kyrkjebø og i Vadheim våren 2020.

Viktige hendingar

Møteleiar orienterte om viktige kyrkjelege hendingar som var avvikla året 2020. Tårnagenthelg og kyrkjelyden sitt årsmøte vart avvikla siste helga før nedstenginga av samfunnet p.g.a. covid -19. Covid -19 sin aukande smitte i samfunnet førte til at konfirmasjonane vart utsette frå våren til hausten/september, og det sette vidare restriksjonar i høve all kyrkjeleg samkome. Som følgje av dette gjennomførte dei kyrkjelege tilsette digitale gudstenester i påska og ved nokre høve også seinare i året.

Påskevandringa med bilete og bibeltekstar var montert på kyrkjegarden frå palmehelga til pinse.

Ny sokneprest og ny prost vart tilsett i 2020. Begge desse deltok på avskilsarrangementet på Alværa Misjonssenter for Runar Matsui-Lie (m/familie) i november 2020.

Høyanger og Kyrkjebø/Vadheim sokn har valt eit felles misjonsprosjekt i Estland. Arbeid i høve dette prosjektet og det meste av anna aktivitet i sokna har i 2020 i stor grad måtte settast på vent p.g.a. smittevern-restriksjonar i høve covid-19 pandemien.

Det kom merknad frå eit kyrkjelydsmedlem om at det i november 2020 vart starta opp med forsongar gruppe knytt opp til gudstenester.

REKNESKAP FOR 2020

Møteleiar gjekk gjennom rekneskap for 2020, som viste eit overskot på kr 1530,40.

NY LITURGI

Soknepresten orienterte om «Ny liturgi», som skal tre i kraft frå 1. pinsedag 2021 i Kyrkjebø og Vadheim sokn. Kyrkjelydsmedlemmane ytra ulike synspunkt i høve ulik bruk av tidlegare og «ny liturgi» under gudstenesta.

ARBEIDSPROGRAM/ÅRSHJUL FOR 2021

Møteleiar gjekk gjennom arbeidsprogrammet/årshjulet for 2021. Kyrkjelydsmedlemmane kom med innspel til soknepresten sitt forslaget om «opa kyrkje». Det var semje blant kyrkjelydsmedlemmane om at dette bør

avviklast i sommarhalvåret, men ikkje for ofte. Det må annonserast på førehand og helst inkludere eit musikalsk innslag/ha spesifikt innhald. Kyrkjelydsmedlemmane syntest vidare at det var skissert mange gode forslag til kyrkjelege aktivitetar i arbeidsprogrammet/årshjulet. Det kom blant anna inn forslag om å leige inn historikar Rune Kyrkjebø frå UIB i høve avvikling av kyrkjekunstkveld.

BUDSJETT 2021

Møteleiar orienterte om budsjett for 2021. Budsjettet viser ein balanse på samla utgifter/inntekter på kr 20500,00.

Kyrkjelydsmedlemmane kom med forslag til korleis ein kunne auke inntektene til soknet. Dette gjennom sal av «jubileumsskriv», eldre salmebøker og cd'en «Tonar frå Høyanger kyrkje».

Underskrifter på møteprotokoll:


Helga Hjetland


Bjørnar Otterstein

For soknemøte/årsmøte

Ellinor H. Austreim
Sekretær